

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 14/3360-2

### Forvaltningsrevisjon av innkjøp - oppfølging av vedtak i FT-sak 28/13

#### Framlegg til vedtak:

#### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 12.05.14 frå fylkesrådmannen til vitande.
2. Kontrollutvalet ber om ny rapport innan 1. oktober 2014.

#### Vedlegg:

- E-post frå assisterande fylkesrådmann, datert 12.05.14 m/vedlegg

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Forvaltningsrevisjon av innkjøp vart gjennomført i 2013, og rapporten vart lagt fram til fylkestinget 15.10.13 i FT-sak 28/13. Fylkestinget gjorde dette vedtaket:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til vitande.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 5 i rapporten, og rapportere status og eventuell vidare framdrift til kontrollutvalet innan utgangen av mai 2014.

Tilrådingane i kapittel 5 i rapporten:

Revisor tilrår at fylkeskommunen:

- 1) klargjer roller og ansvar knytt til innkjøpsarbeidet i einingar og avdelingar
- 2) utarbeider tydelege krav til arkivering av informasjon knytt til innkjøp
- 3) vidareutviklar gjeldande prosedyreverk for innkjøp med særleg fokus på følgjande område
  - a) roller og ansvar i innkjøpsarbeidet
  - b) berekning av anslått verdi
  - c) arkivering av dokumentasjon
  - d) kontraktsoppfølging
- 4) vurderer om det er tenleg å gjere endringar knytt til strukturering av informasjonen i innkjøpshandboka
- 5) syter for at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring i innkjøp for einingsleiarar og tilsette som arbeider med innkjøp

- 6) innfører system/kontrollaktivitetar som sikrar betre oversyn og oppfølging av innkjøp som skjer utan innkjøpstenesta si involvering. Dette gjeld både å sikre at innkjøp under 500 000,- vert gjennomførte i samsvar med fylkeskommunen sine retningslinjer, og å sikre at innkjøpstenesta vert involvert i innkjøp som har verdi over 500 000,-.
- 7) vurderer om det er tenleg å ta i bruk elektroniske system som sikrar meir fullstendig oversyn over gjeldande kontraktar
- 8) vurderer å utarbeide indikatorar knytte til innkjøpsarbeidet som kan fange opp måla til innkjøpstenesta (som ein del av arbeidet med balansert målstyring)
- 9) gjennomgår gjeldande avtalar om konsulenttenester der revisjonen har påpeikt avvik, og syter for at desse kjøpa vert gjennomførde i samsvar med regelverket

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet har motteke rapport frå fylkesrådmannen datert 12.05.14. Rapporten er i form av eit skjema og er systematisk sett opp. Det viser på ein oversikteleg måte status på oppfølginga av prosjektet. Sekretariatet har vore i kontakt med innkjøpssjef (tlf. 16.05.14 ) for å diskutere enkelte punkt i skjemaet.

### Pkt. 1

Punktet er delt i tre tiltak, der eit er gjennomført, som gjeld presisering av fullmakt til institusjonsleiarar om kjøp utanfor rammeavtalane. Dei to siste tiltaka som gjeld utarbeiding av retningslinjer for einskildkjøp under 500 000 kroner og opplæring i regelverket for offentlege innkjøp er under arbeid. Tidsfrist for ferdigstilling av det tredje tiltaket bør settast til utgangen av 2014 iflg. Innkjøpssjefen.

### Pkt. 2

Punktet er delt i to tiltak, der det eine, som gjeld vurdering av konkurransegjennomføringsverktøy, skal ferdigstillast innan utgangen av 2014. Det andre tiltaket er under arbeid og gjeld prosedyre for ein fullstendig innkjøpsprosess. Er planlagt ferdig innan utgangen av februar 2014. Etter samtale med innkjøpssjef må frist for tiltaket verte sett til utgangen av 2014, då tiltaket også vil gjelde for fleire av dei andre tiltaka som er sett opp.

### Pkt. 3

Dette punktet vert i si heilheit dekkja av tiltaka under punkt 1 og 2 i skjemaet.

### Pkt. 4

Dette punktet vil bli følgt opp gjennom to tiltak som er under arbeid og skal vere ferdig innan våren 2014.

### Pkt. 5

Dette punktet blir delvis følgt opp gjennom tiltak til punkt 1 og delvis gjennom prosjektet for innføring av e-handel.

### Pkt. 6

Punktet vet oppfølgt gjennom fire tiltak, som er under arbeid.

### Pkt. 7

Dette vert løyst gjennom tiltaka under pkt. 2 og 4.

### Pkt. 8

Tre tiltak som er tidsett til å verte ferdig vår 2014/2015. Punktet kan med fordel tidsettast meir presist.

### Pkt. 9

Det har vore kontakt med skulane dette gjeld og avvik som var påpeikt er lukka.

Mange av tiltaka sett opp under dei første punkta vil dekke punkt lenger ned på lista. Dei fleste punkta er under arbeid, og det er sett opp ein plan for kva som skal gjerast. Ferdigstillingstidpunkt kan på enkelte punkt med fordel settast meir presist..

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen melder tilbake status og vidare framdrift på oppfølging av forvaltningsrevisjon av innkjøp ved å sende eit skjema der status og vidare arbeid med oppfølginga vert presentert på ein oversikteleg måte. Det er ikkje mange av punkta som er ferdig oppfølgt, men mange er under arbeid.

Kontrollsjefen vil rå til at kontrollutvalet ber om ny statusrapport innan 1. oktober.